



Andreas Sunnhordvik
Moldekleivmarka 26b
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2057 - 14/8128

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:
23.05.2014

Godkjenning - oppføring av garasje på gbnr. 27, bnr. 226 Moldekleiv.

Administrativt vedtak. Saknr: 130/2014

Eigedom: 27/226
Byggeplass: Moldekleivmarka 26 B
Tiltakshavar: Andreas Sunnhordvik
Planstatus: Reguleringsplan for Moldekleiv - bustad
Søknad om: Oppføring av garasje

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 05.05.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 19.05.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av garasje på gnr. 27 bnr. 226 i Moldekleivmarka.

Vurdering:

Planstatus:
Eigedomen er i reguleringsplan for Moldekleiv regulert til bustad.

Nabovarsling:
Tiltaket er nabovarsla 12.04.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:
Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteke 05.05.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Tillete grad av utnytting på tomta (% BYA) er 30 %. Følgjeleg svarsvarer tiltaket med reguleringsplanen.

Vedtak

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av garasje på gnr. 27, bnr. 226 i samsvar med søknad motteke 05.05.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 19.05.2014.

Det vert vist til vedlagte kart motteke 05.05.201 og teikningar motteke 05.05.2014 og 19.05.2014.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde."

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Andreas Sunnhordvik

Moldekleivmarka 5918
26b

FREKHAUG